

# Seterbrukaren

Skrift frå Norsk Seterkultur  
Nummer 1 – mars 2002



## Innhold:

Nye truslar for seterdrifta	s. 2
Medlemspengane for 2002	s. 2
Innkalling til årsmøte i Norsk seterkultur	s. 3
Arbeid i styret	s. 3
Reklamefilm	s. 3
ECEAT søker samarbeidspartnere	s. 3
Geita og stolen avgjerande for gardsdrifta	s. 4
Grønt spatak	s. 5
Fjellåret 2002	s. 5
Minne frå setre i Bøverdalen	s. 5
Fjellkonferansen i Lom	s. 6
Fäbodsriksdagen 2001	s. 6
Store summar til seterkulturen i Sverige	s. 7
Utgreiing om beitebruken	s. 7
Kva skjer sommaren 2002?	s. 8



Utgjevar: Norsk Seterkultur,  
6214 Norddal  
telefon 70 25 91 77  
telefaks 70 25 91 57  
E-post: seter@seterkultur.no  
www.seterkultur.no  
Bankgiro: 2357 20 51169

Redaktør: Torhild Svisdal Mjøen  
Trykk: Olav Snøfugls Trykkeri,  
7340 Oppdal

Foto framside: Oddbjørn Svisdal

Styret:

Leiar:

Jostein Sande,  
6214 Norddal.  
Tlf 70259108.  
jossande@online.no

Marit Hoel,  
Skrenten,  
6400 Molde.  
Tlf 71244604

Anne Ulsaker Bækken,  
3560 Hemsedal.  
Tlf 32060266

Gjermund Stormoen.  
TINE Norske Meierier.  
Tlf 22938800.  
gjermund.stormoen@tine.no

Berit Runningen,  
2680 Vågå.  
Tlf 61237014

## Trass fine ord

# Nye truslar for seterdrifta

Siste åra har vi opplevd aukande interesse for seterdrifta, både som tradisjonsbunda og framtidssreta driftsform i landbruket, som utgangspunkt for utvikling av småkala foredling og som arena for ny verdiskaping innan reiseliv og grøn omsorg. Det er påvist at seterdrifta kan styrke økonomien på mjølkeproduksjonsbruken, og ikkje minst blir «seterlandet» sett pris på som kulturlandskap og tilsvarande verdsett for vedlikehaldet av det biologiske mangfaldet. Setrene og seterområda representerer eit stort potensiale for framtidig næringsverksemd, sysselsetting og trivsel i bygdene. På stølane har kunnskap og kompetanse innan småkala foredling overlevd, ei «gullgruve» å ause av i dag - til beste for auka mangfald i tilbodet av matvarer.

Det manglar ikkje på fine ord, anten dei kjem frå styresmaktene eller ulike forskingsmiljø. Vi har fått eit setertilskot, som pr. i dag er på 13.000 kroner året (for kvar seter), og prosjekt og rapportar konkluderar med framlegg om ulike tiltak og verkemiddel som kan sikre seterdrifta ei framtid. Ein særskilt status internasjonalt for norsk stølslandskap er det også gjort framlegg om. Alt dette er bra! Men uansett særtiltak, til sjunde og sist står og fell seterdrifta som levande og tradisjonsberande driftsform med den generelle landbrukspolitikken - og rammevilkåra for mjølkeproduksjonen spesielt. Når landbruksministeren no tek til orde for ei dramatisk omstrukturering av mjølkeproduksjonen er seterdrifta så absolutt i fare! Oppslaga siste tida om forenkling i tilskota vil nok også - om dei blir gjennomført - i vesentleg grad ramme mjølkeproduksjonsbruken som driv setring!

I Valdres, der stølsdrifta er mest utbreidd, er gjennomsnittskvoten for alle mjølkeproduksjonsbruken under 60 tonn. Buskapsmiddelen i t.d. Vestre Slidre er på om lag 11 kyr, ikkje akkurat vinnarane i den politikken som no blir dregen opp! Same strukturen finn vi og i Hallingdal, t.d. i Ål og Hemsedal. I Nord-Fron i Gudbrandsdalen har dei om lag 60 seterbrukarane godt 12 kyr i snitt, medan middelbuskapsen på stølane i Tolga og Folldal i Hedmark er 14-15 kyr, og omrent same strukturen er det i Oppdal og Rennebu i Sør-Trøndelag. Fylke som Sør-Trøndelag og Møre og Romsdal har mange fellessetre, og buskapane som vi finn i denne driftsforma er jamnt over noko større enn i området der enkelsetre er så godt som einerådande. I allefall kan vi slå fast at minst 60-70 prosent av stølane her i landet blir haldne i hevd av buskapar som ligg under den «raude streken» landbruksministeren og andre no kan synast å vera i ferd med å dra.

Slik sett er det grunn til uro - og engasjement! Og dette handlar om meir enn strukturen i mjølkeproduksjonen isolert sett. I mange bygder er mjølkeproduksjon med stølsdrift sjølv rygraden for busetnad og aktivitet i dag, og med stort utviklingspotensiale for framtida - både for landbruket og næringslivet elles i bygdene. Knapt noko passar betre enn seterdrifta i utviklinga av eit robust, berekraftig og multifunksjonelt landbruk. Svært mykje står på spel!

Jostein

## Bli med i



Da er du med på å:

- fremme seterdrifta og seterkulturen
- legge grunnlaget for eit informasjons- og kompetansesenter for seterkulturen
- skape eitt nettverk og eit fagmiljø, for aktive seterbrukarar og andre interesserte

Du får Seterbrukaren 4 gonger i året

### Medlemskontingent 2002

Aktiv seterbrukar	kr. 250,-
Støttemedlem/abonnement på Seterbrukaren	kr. 150,-
Organisasjonar/institusjonar	kr. 400,-

## Medlemspengane for 2002

ventar vi med til etter årsmøtet. I blad nr. 2 -02 blir det lagt ved ein innbetalingsgiro. Året 2001 er for lengst tilbakelagt, men skulle det vera nokon som kjem på at dei har gløymt å betale for årets kontingent, så er det ikkje aldeles for seint....!

Pengane vil i alle fall kome godt med. Organisasjonen har ikkje anna å leve av enn medlemspengane - og økonomien avgjer kva vi kan få utretta!

# Innkalling til årsmøte i Norsk seterkultur

på Sletvold Norlandia i Oppdal søndag 7. april kl. 10.00.

Årsmøtesaker i samsvar med vedtekten.

I tilknyting til årsmøtet blir det arrangert fagseminar laurdag 6.4. kl. 12.00-17.30 og søndag kl. 10.00-12.30.

Middag og sosialt/kulturelt samvær laurdag kl. 20.00.

Styret



## Arbeidet i styret

Styret har hatt tre møte, to på telefon og eitt «fysisk», sidan årsmøtet på Dovre i fjor. Elles skjer mykje av kommunikasjonen i organisasjonen via e-post.

- No stundar det mot nytt årsmøte og fagseminar, så planlegging av arrangementet i Oppdal 6.-7. april og førebuing av årsmøtesaker tek mykje tid. Dette krev óg eit styremøte.

Elles er det planlegging av arrangement gjennom Fjellåret 2002 , innspel til jordbruksforhandlingane (Bondelaget, Småbrukarlaget og Staten), samarbeidsinvittar overfor andre organisasjoner, Grønt Spatak, nye utgåver av Seterbrukaren, vidareutvikling av heimesida [www.seterkultur.no](http://www.seterkultur.no), arbeid med marknadsføringsprosjektet «Velkommen til seters» og vidare arbeid med Seternettet.

Og som før, alt arbeid i Norsk seterkultur er ubetalt - og kanskje nettopp difor, svært gjevande og inspirerande!

## Reklamefilm

Norsk seterkultur har gjort avtale med eit større reklamebyrå som skal utvikle eit konsept der ein reklamefilm om setra(og NSK ) skal «surre og gå» på storskjerm på strategiske møte- og messestader i inn- og utland. Gardermoen og Oslo S er mellom lokalitetane.

Eigentleg handlar det om å vise breibandteknologien sine fortrinn, og det er eit ønskje om å bruke noko «kulturelt» - saman med diverse store aktørar på ulike forretningsområde. Det er grunn til å tru at dette skal bli eit skikkeleg løft for marknadsføringsprosjektet til Norsk seterkultur.

Så difor, alle som har seterprodukt - mat, opplevingar, aktivitetar, overnatting .... bli med på presentasjonen på heimesida [www.seterkultur.no](http://www.seterkultur.no)

## ECEAT søker samarbeidspartnere

European Centre for Ecological and Agricultural Tourism (ECEAT) er en «non-profit» organisasjon med hovedoppgave å støtte økologisk og bærekraftig landbruk i Europa og ivaretakelse av kulturlandskap og biologisk mangfold ved å hjelpe fram småskala turisme på slike gardsbruk. ECEAT starta med å bygge opp et nettverk av slike gardsbruk i Norge i 1998, blant dem flere stølar/setre. Totalt har ECEATs nettverk deltakere i 22 europeiske land. Til nå har engasjementet i Norge blitt drevet fra vårt Skandinavia-kontor i Sverige. ECEAT-Skandinavia søker nå «ildsjeler» i Norge som kan hjelpe til med å videreutvikle dette nettverket. Viser til våre web-sider for videre informasjon: [www.eceatnorway.com](http://www.eceatnorway.com), [www.eceat.nl](http://www.eceat.nl) , [www.eceat.nu](http://www.eceat.nu)

Kontakt: Ms. Cecilia Verheij, Mårtensbo Gård, Pl 4281, 71291 Hällefors, Sverige,  
tel/fax: (+46) (0) 587 620 40, e-mail: [eceat@swipnet.se](mailto:eceat@swipnet.se)

# Geita og stølen avgjerande for gardsdrifta



*Frå 1993. Fyrste året det nye fjøset var i bruk. Bygget var «ferdig», men det mangla torv på taket.*

- Det er geita og stølen som gjer det muleg å drive denne garden. Det er meldinga frå Kirsti og Per Magne Bell som driv gard i Viksdalen i Gauldal kommune i Sogn og Fjordane. Langestølen oppe på Gauldalsfjellet - ei og ei halv mil frå garden - er heilt avgjerande for at dei skal kunne ha gardsdrifta på heiltid. Geitene har topptyng på stølen, 45 prosent av produksjonen skjer i månadane juli, august og september. Geitene får om lag 8 hg kraftfor om dagen frå april til oktober, men forklaringa på den gode avdråtten på stølen må óg henge ihop med gode beite, seier Per Magne.

Mjølkekvoten er på knapt 36 tonn - som blir produsert med 75-80 geit. Kjeinga går føre seg i mars - og alle kjea som ikkje skal påsetjast blir fora fram til om lag 6 kg slaktevekt. Husdyrhaldet på garden omfattar elles 30 vinterfora sauvar, hest og 1-2 kyr. Kyrne kalvar i januar/februar, gir mjølk til eige bruk, mjølk (som blir syrna) til kjea og det blir sjølsagt mjølk til nydelig rømmekolle på stølen! Per Magne fortel at dei har 40 da innmark, og illustrerer kor tungdreve jorda er med å fortelje at det ligg 4 timer arbeid bak kvar kubikk ferdig silo. Transporter som sjøl lesser gras og høy er kjernen i mekaniseringa. 60 da inn-

gjerdt beite får sau og storfe nyte godt av vår og haust, medan geitene beiter i skogsmarka ved garden frå om lag 20.5. til 10.7.

- Da er førsteslåtten gjort, og det ber til støls. Og der trivst både dyra og familien på fem - tre born på 20, 13 og 7. Ja, slekt og vene trivst óg på Langestølen, fortel Per Magne, som legg til at det difor ikkje er så vanskeleg å få litt avløysing om dei sjøle vil ta ein tur bort nokre dagar.

Garden ligg 300 m.o.h. Dyra blir køyrd til stølen, som ligg ved riksveg 13, om lag 600 m.o.h. - i bjørkebeltet, ope lende med variert vokster - mykje vier og lyng. Bygningane på stølen omfattar eit sel frå 1933, ei hytte frå slutten av 30-talet og fjøs - 8m x 12 m med torvtak - som dei bygde i 1994. Mjølkestall med plass for 16 geit i gongen. Dieselaggregat skaffar straum til fjøsen, men i selet rår oljelampene framleis. Og slik vil dei ha det! - Geitene er ute på kveldsbeite, men kjem heim og ligg inne med natta. Avdråtten er faktisk på topp i august, kring 600 liter på tre dagar, mjølk som går til meieriet i Bygstad. Frå august og utover får geitene det

spesielle geitekraftforet - for å unngå smaksfeil. - Per Magne Bell deler gjerne røynsler frå drifta med andre, m.a. har han sist haust presentert tal og røynsler som inndeiar på «Geiteskulen» som har vore skipa til i Tine Vest-området. Bakgrunnen som produksjonsrettleiar i meieriet gjer at han kjenner driftstilhøva i området, både for geit og ku.

- Tida på stølen er fin, seier Per Magne. Vi brukar avløysaren heime, stellet på Langestølen tek vi oss helst av sjølve. Sjølsagt blir det ein god del trafikk heimatt for å gjera ymse arbeid der, men vi prøvar å nyte livet på stølen. I august krev sjølsagt håslåtten og skulen at vi må vera meir heime. Heimferd for godt blir det oftast ikkje før 20. september, da tapar beitet seg og sjølsagt kan ein heller ikkje vera uredd for snø.

Med nytt og praktisk fjøs går drifta på Langestølen greitt. Geitene har gode vanar, kjem punktleg heim og klev seg heller ikkje ofte fast. Dei beiter i fint, ope lende. - Vi set pris på det enkle livet på stølen, ser fram til månadane på Langestølen og gøymer gode minne til å «leve på» gjennom vinteren. Ja, slekta kjem óg att til Langestølen. Det er tydeleg at mange gode minne er knytte til stølslivet!



*Geitene er på veg ut til kveldsbeiting. (-99).*

# Grønt Spatak

Minst 10-15 stolar bør ta imot ungdom i sommar

Norsk seterkultur (NSK), Natur og Ungdom og Norsk Bonde og Småbrukarlag møttest 21. januar for å drøfte opplegget for Grønt Spatak sommaren 2002. Representantane frå NU er svært nøgde etter samarbeidet med NSK i fjor, og vil gjerne vidareføre og utvide tilbodet. Det var semje om at NSK no går formelt inn i dette samarbeidet, som også inkluderar Felleskjøpet. Og målet er at minst 10-15 seterstolar kan bli med på opplegget til sommaren.

Ungdomane får arbeidsopplegg 1-3 veker - der det er lagt opp til at dei skal gjera ein skikkeleg jobb, men også at vertskapet skal yte sitt - gjennom opplæring, samtalar, diskusjonar og triveleg opphold. Det handlar ikkje om billeg arbeidskraft, sjøl om det - med så kjempe positiv ungdom - også kan vera det!, men først og fremst er målet å skape dialog og forståing over generasjonskløfter, mellom miljørørsle og landbruk - og ikkje minst kan dette bety rekruttering til både seterdrift og landbruk generelt. Difor: kan du tenkje deg å ta i mot ungdom på stølen i sommar, så ta kontakt!

Eva A. Tiller «spatakist» sommaren 2001.



# Fjellåret 2002

Norsk seterkultur er engasjert i FNs fjellår på mange måtar. Vi nemner m.a. at NSK hadde møte med Øystein Dahle og den administrative leiinga i Den Norske Turistforening (DNT) 9. desember, og det vart drøfta samarbeid om ulike tiltak og markeringar. Det har seinare vore jamn møte-, e-post- og tlf.-kontakt med både DNT, Norsk Bonde og Småbrukarlag, Norges Bondekvinnelag, Natur og Ungdom, regionale turistforeningar o.a. om dette, og vi deltok på eit koordinerande møte i DNT 20.12. Vi har planlagt ei rekke arrangement, som er koordinert med DNT og andre. Og oppmodinga går om å knyte markering av «Fjellåret» til fleire seterarrangement. Nemner dei arrangementa som er klare: Oppdal 6.-7.4., Herdalssetra og Gammelsetra i Grøvdalen i juli, Bøstølen og Einunndalen i august - og ein større konferanse med tema «Fjellenes kvinner» (kanskje «Kvinner i fjellet» kling vel så godt?) i desember. Fleire NSK-medlemar deltok på tema-konferanse i Lom 17.-18. januar. NSK-mapper, brosjyrar og bladet vart spreidd i konferanselokale, på hotell og turist-info. NSK fekk mykje god om-tale frå talarstolen frå fleire!

## Minne frå setre i Bøverdalen

Eit triveleg brev frå Gudrun Hosarøygard i Skjåk fortel om Netosetra og Hovdestulen i Bøverdalen i Lom. Det var seter-brukarar både frå Lom og Skjåk i dette området. Gudrun fortel i brevet at mjølka frå Netosetra vart frakta ned til Lom og Skjåk Ysteri. Men opp til Hovdestulen var det ikkje bilveg, så der laut dei yste - 8-9 kg ost om dagen var det først på sommaren. Osten gjekk til ysteriet. Gudrun setra her 10 somrar, to somrar under krigen. Da var det mange som fann vegen til setra, for å få kjøpe litt seter-mat. Vi laga pultost av kjuka. Mol ho på ei stor kjøtkvern, tilsette litt fløyte og krydra med salt og karve. Så vart ostemassen lagt ned i store trekoller og pres-sa - så det vart fine runde ostar. Dei var gjeve! - Gudrun legg til at «det er trist å tenkje på at det er så mange som ikkje ligg på setra med buskapen lenger, det er forbi med denne fine tida for folk og dyr.»



Hovdestulen ca. 1935. Gudrun saman med Ingrid Husom. Gudrun setra i 10 somrar frå ho var 17 år. - Ei utruleg god tid, og så snille dyr - kom heim kvar einaste kveld!

# Fjellkonferansen i Lom

**Fjellkonferansen i Lom, som samla 160 deltakarar, markerte opninga av det internasjonale fjellåret. - Nasjonalparkar og lokal næringsutvikling sett i høve til Norges Turistråd sin merkevarestrategi var tema første dagen på konferansen som m.a Fjellregionsamarbeidet og Norges Vel sto bak.**

Mange utfordringar og mulegheiter knytt til nasjonalparkane vart drøfta, tema som også har relevans for dei tradisjonelle næringane i bygdene - landbruk med beiting og seterdrift. Informasjons- og forvaltnings-arbeidsplassar lokalt og diskusjonar kring konfliktar mellom storsamfunn og lokal-samfunn i ljós av lover og reglar i nasjonalparkane, var tema som var oppo første dagen. Sameleis spørsmål kring fysisk tilrettelegging, auka motorisert ferdsel og meir skilting.

Andre dagen var det internasjonale fjellåret tema, og blant foredragshaldarane var det særleg Kjell Håvard Tuv, Norges

Vel og Øystein Dahle, DNT som fokuserte på seterlandskapet og seterdrifta. Tuv presenterte tankane om å gi det norske stølslandskapet ein særskilt status i europeisk samanheng, og spela framlegg over til politikarane - der vi registrerte at stortingsrepresentant Torstein Rudihagen (A) ga positiv tilbakemelding. Øystein Dahle heldt eit engasjert innlegg med sterkt vekt på seterdrifta og beitebruken som føresetnad for levande bygder, ja han heldt fram at levande bygder er ein førsetnad for levande fjell. Og vi noterte sjølsagt tilfreds at han ga Norsk seterkultur ros for innsatsen, kommenterte det gode samarbeidet DNT og Norsk seterkultur er i ferd med å få til i samband med «Fjellenes år» - og peika spesielt på innsatsen NSK gjer for å sette fokus på mangfaldet i «seterlandet».

Innlegg frå salen gjekk også på setring og beitebruk, og John Petter Løvstad frå Norsk Bonde- og Småbrukarlag la fram tal som viser at husdyr her til lands hentar heile 320 millionar foreiningar på beite. Reknar ein kr. 2,50 pr. f.e. utgjer dette ein verdi på 800 mill. kroner! Vidare viste han at det må 850 000 dekar kornåker til for å produsere tilsvarende mengde foreiningar - 5 800 gjennomsnitts kornbruk, 100 mill.kr til kunstgjødsel, 40 mill. kroner til sprøytemiddel, 3 700 skurtreskarar og ein mengde traktorar, plogar, harver o.a. reiskap. Løvstad «skrytte» også av NSK, og nemnte det fine opplegget Grønt Spatak fekk til på ein del stolar i fjar. - Ein kunne vel ha venta meir engasjement om landbruk, seterdrift og beitebruk frå dei mange fjellkommune-ordførarane på konferansen!, men eit litt «heseblesande» program får kanskje ta skulda for at deltakinga frå salen vart heller sporadisk og springande.

Konferansen viste at mange organisasjoner og offentlege instansar no er i ferd med å engasjere seg for å få til ein «nasjonal dugnad» i FNs fjellår, ikkje minst for å utnytte det verdiskapingspotensialet som ligg i fjellområda.

---

riksförening.» Men korleis ta vare på lensorganisasjonen i nnafor ein slik modell, vart det spurt. Samarbeidsorgan treng ikkje vera riksforening, var eitt syn som kom fram, andre heldt fram at den landsomfattande organisasjonen bør vekse fram naturleg. Men det var óg dei som meinte at det no «behövs ta nya tag och glömma den turbulens som har varit.»

Elles merkar vi oss, både frå tilbakemeldingar frå deltagarane og brev frå Dalarnas fäbodbrukarförening, at foredragsprogrammet blir kritisert for å vera altfor tettpakka. - «Vi fäbodbrukare blir besvikna och upprörda när vi, är efter år, möter en Fäbodsriksdag, som är så fullpressad med föredrag och presentationer, att det inte finns tid till varken diskussioner eller gemensamma beslut.» Vidare noterer vi tilbakemeldingar som: «Fler fäbodbrukare i programmet och färre byråkrater», «För många byråkrater på en gång» - och «Ge mer tid till fäbodbrukarna för att ventilera sina funderingar.» Heilt sikkert noko som mange seminar- och konferansearrangörar bör merke seg: litt färre forskrarar och byråkratar, i staden fleire praktikarar og diskusjonar!

## Diskusjon om riksforening og møteprogram

I følgje rapporten frå Fäbodsriksdagen 2001 er det stor usemje om korvidt - og evt. korleis -seterbruket i Sverige skal organiserast på landsplan. Det er tydelegvis ulike syn i dei regionale foreningane, utan at vi her skal legge oss opp i ordskiftet. Det har vore gjort utgreiingar om saka, og det kan vel sjå ut til at det først og fremst er styresmaktene som ønsker seg eit sentralt talerør for næringa. I omtale av eit gruppearbeid går det fram at Norsk seterkultur konkret vart nemnt som muleg modell, «individuelt medlemskap i en

# Store summar til seterkulturen i Sverige

På oppdrag frå regjeringa har Riksantikvarieämbetet gjennomført ei treårig satsing på «fåbodkulturen». I åra 1998-2000 er det brukt heile 29,2 millionar kroner, og arbeidet heldt fram i 2001. Det offentlege engasjementet ber vel preg av at seterdrifta i Sverige kanskje blir oppfatta meir som kultur enn som landbruk. Akkurat det skal vi kanskje ikkje trakte etter, men ein del av den offentlege innsatsen kan vi nok misunne våre gode grannar og kollegaer i aust!

Det er kring 200 setre i bruk i Sverige, og desse er konsentrert i nokre område. Bruken av midlane er fordelt slik mellom lena: Dalarna (4,9 mill. kroner), Gävleborg (7,2), Jämtland (8,9), Norrbotten (0,6), Värmland (3,1), Västerbotten (2,3) og Västernorrland (2,2). Ulf Lindberg frå Riksantikvarieämbetet (RAÄ) gjorde greie for dette på den årlege Fåbodsriksdagen sist haust, og konkluderte med at satsinga har vore vellukka: styrkt kunnskap og nye mulegheiter for handverk og restaurering er særskilt nemnt. RAÄ har forma mål og strategiar for arbeidet med setrene i Sverige, der det overgripande målet er «ett levande fåbodbruk som är langsiktig hållbart, såväl ekonomiskt som miljömässigt och kulturellt.»

Stikkord er kvalitet på dyrehald, matprodukt, kultur og naturmiljø, stabilitet for brukarane både i rollen som matprodusentar og i høve til kulturell identitet og kunnskap, som inneber å ta vare på og bringe vidare kunnskap, etter-



utdanning innan næringsmiddelhandtering, økonomi, marknadsføring og kulturhistorie - informasjon til ålmenta og initiering av forsking.

Det blir lagt vekt på at det å oppretthalde et levande seterbruk er knytt til nasjonale miljøkvalitetsmål - som «rikt odlingsland» og «levande skogar». Tilrådingane omfattar ein del konkrete tiltak som vedkjem kommunal planlegging, regionale eller lokale verneprogram, individuelle tiltaksplaner, kulturreservat, kompetanseoppbygging, overføring av kunnskap, kvinnehistorisk forsking, forenklingar i regel- og tilskottssystem og betre informasjon til brukarane, spørsmål om rettstilhøva, lokal foredling, turisme, internasjonalt perspektiv - og spørsmålet om etablering av ein riksomfattande organisasjon for fåbodbruket.

## Utgreiing om beitebruken

Tiltaksfondet for småfe og fjørfe m.m. har fått utført ei utgreiing der hovudmålet har vore å peike på tiltak for å betre dagens beitebruk. Utvalget som Tiltaksfondet oppnemnde har prioritert å sette fokus på fire hovudområde innan beiting i utmark: dyreeigaren, beitebruken, dyrevelferden - og lover, forskrifter og regelverk. Det blir konkludert med at det er eit visst forbetringspotensiale på mange område når det gjeld beitebruken i utmark. Og utvalet seier at «En forutsetning for at dette skal kunne lykkes og for at det skal være mulig å drive etisk, praktisk og økonomisk beitebruk i utmark i framti-

da, er at det satses på fellesskapslösninger gjennom OBB (Organisert beitebruk). Ordningen må derfor videreutvikles og styrkes.» Her blir det m.a. sagt at det må leggjast til rette (ved endring i forskrift, økonomisk stimulering) for at flest muleg av beitebrukarane blir med i OBB. Vidare at innsamlinga av data om beitebruken gjennom beitelaga i OBB må vidareførast og brukast for å dokumentere beitebruken, både sterke og svake sider. Utvalet meiner det bør setjast krav til beitelaga om at dei har oversikt over dyr på utmarksbeite så snart som råd etter slepp, og kor mange som manglar 15. oktober. Det er

framlegg om kommunale beiteutval og beredskapsplaner, med beitelaga i OBB som initiativtakar, utarbeidar og deltakar. Vidare er det lagt vekt på utvikling av GIS-temakart om beitebruken, ikkje minst viktig for å få synleggjort beiteinteressane i arealplansaker. Utvalet har bestått av Jostein Ørvvatn, leiar (Landbruksdepartementet), Ingvald Tjetland, (Norges Bondelag), Ingart Blikra, (Norsk Bonde- og Småbrukarlag), Per Ivar Laumann, (Norsk sau- og geitalslag) og Erling Skurdal, sekretær (Organisert beitebruk).

# Kva skjer sommaren 2002?

## Seterkalenderen

ligg heile tida ute på nettet. Det er sjølsagt mest som skjer om sommaren, og i Seterbrukaren presenterer vi kalenderen i maiutgåva. Derfor: meld frå om arrangementa i sommar i god tid!



Mange av våre produkt har rot i stølkskulturen  
og vi støttar Norsk seterkultur  
i arbeidet for denne driftsforma

## BYE

### ELEKTRISK SEPARATOR

BESTSELGER I EUROPA  
1. KLASSES SEPARERING  
AV MELK/FLØTE

Fullelektronisk  
**8400** omdr.

Priser  
40 ltr./t.

Kr

**4.990,-**  
80 ltr./t.



Kr  
**7.750,-**  
125 ltr./t.

Kr

**8.640,-**

119/01

IMPORTØR OG SALG: BYE AS

**BYE**

1890 Rakkestad  
Tlf. 69 22 53 00  
Fax 69 22 23 35

E.post: bye@bye.no  
Internett: www.bye.no

# NÅ BLIR DET ENKLERE Å LYKKES I FJØSET

**FORMEL**

VI FORNYER FORMEL-SORTIMENTET TIL DRØVTRYGGERE

Nyere forskning viser at AAT-verdiene i grovfôr har vært overvurdert. Mange bønder har gitt dyra fôrrasjoner med for lite protein og fått dårligere resultater enn nødvendig. Felleskjøpet har tatt konsekvensen av dette og fornyer FORMEL-sortimentet.

Den viktigste endringen er FORMEL Favør – nye blandinger som dekker behovet ved de fleste driftsformer.

Ved hjelp av FORMEL-nøklene i vår nye brosjyre kan du enkelt finne den blandingen som gir best resultat i ditt fjøs.



wWW.FK.NO